**Fylkesmannen i Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Aileen Hjortland Haukedal, 5557 2351

Vår dato
25.11.2013
Dykkar dato
31.10.2013

Vår referanse
2013/14631 423.1
Dykkar referanse
10/816 13/14321

MELAND KOMMUNE

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

25 NOV. 2013
Jnr. 13/15/62 Saksh. ANB
Ark. 5/93 Ark.del GB
Saksid. 10/816-15

## Meland - gnr 5 bnr 93 - oppføring av bustad - retur

Fylkesmannen synar til oversending motteke her den 31.10.2013.

**Fylkesmannen sine merknader**
Meland kommune har sendt saka over til Fylkesmannen for endeleg handsaming. Slik Fylkesmannen ser saka har Meland kommunen fatta vedtak om dispensasjon den 15.03.2011. Tiltakshavar søkte i ettertid Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av avkjørsel som var eit krav for å kunne få prosjektet gjennomført.

Statens vegvesen kom med utale til dispensasjonssaka i brev datert 23.05.2013, der ein rådde til å ikkje gi dispensasjon. Uttala vart gitt på bakgrunn av at det vart søkt om utvida bruk av avkjørsel. Statens vegvesen fekk ikkje dispensasjonssaka på høyring og vart først kjend med dispensasjonsvedtaket i brev motteke 20.06.2013.

Statens vegvesen gav den 05.07.2013 avslag på søknaden. Vedtaket vart påklaga av søkar i brev datert 24.10.2013. Statens vegvesen har sendt saka vidare til handsaming hos Hordaland fylkeskommune, der saka skal handsamast på møte 28.11.2013.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Statens vegvesen eller nokon andre har klaga på Meland kommune sitt vedtak datert 15.03.2011. Kommunen har heller ikkje utført noko klagehandsaming av vedtaket. Vedtaket er såleis rettsleg bindande og ikkje gjenstand for klagehandsaming hos Fylkesmannen. Saka vert dermed sendt i retur til kommunen.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Silje Aileen Hj. Haukedal
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens Vegvesen - Region Vest | Askedalen 4 | 6863 | Leikanger |
| Rune Nilsen | Holmeknappen 17 | 5918 | FREKHAUG |

**Lillian Straumøy Brakstad**

**Fra:** Postmottak Meland
**Sendt:** 25. november 2013 10:18
**Til:** Lillian Straumøy Brakstad
**Emne:** VS: Retur - Meland - Gnr 5 bnr 93 - Fløksand - Oppføring av bustad
**Vedlegg:** Retur - Meland - Gnr 5 bnr 93 - Fløksand - Oppføring av bustad.pdf

---

**Fra:** Haukedal, Silje Aileen Hjortland [mailto:fmhosah@fylkesmannen.no]
**Sendt:** 25. november 2013 09:46
**Til:** Postmottak Meland
**Kopi:** firmapost-vest@vegvesen.no
**Emne:** Retur - Meland - Gnr 5 bnr 93 - Fløksand - Oppføring av bustad

Hei.

Vedlagt følger dokument i sak: Meland - Gnr 5 bnr 93 - Fløksand - Oppføring av bustad.

****************************

Med vennlig hilsen

Silje Aileen Hj. Haukedal
Rådgiver
Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelingen
Seksjon for kommune- og justissaker
Telefon: 55 57 23 51
www.fylkesmannen.no/hordaland

MELAND KOMMUNE
25 NOV. 2013
Jnr. 13/15162 Saksh. ANB
Ark. 5/93 Ark.del GB
Saksid. 10/816-15